



Kornettgruppa etter avslutningskonserten. Vegard Døssland ligg framme. Instruktøren Johanne Refseth med bakgrunn frå Barrat-Due og Musikkhøgskulen i Århus heilt til venstre. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Musikksommarkursa i Ølensvåg er over for i år. Denne veka, frå søndag til laurdag, har vel 30 musiserande ungdommar på 14 og 15 år delteke på blått kursopplegg. Einaste kvinnhering på dette kurset var kornettisten Vegard Døssland.**

- Det har vore eit topp kurs. Har faktisk blitt kjekkare di lengre ut i veka vi har kome. Musikken vi har jobba med har eg likt betre og betre di meir vi har spelt på den, fortel Vegard og seier vidare:  
 . – Instruktørane har som vanleg vore heilt topp, og vi har fått krevjande stykke å bryna oss på.

Avslutningskonserten laurdag samla bra med folk, og den heldt eit imponerende høgt nivå. Gjennomgangstema var kattar, og her fekk vi oppleva både den vesle kjelne kattungen, den tøffe, men enn så kjenslevare 14-års-katten og den gamle hankatten som såg opp på stjernene og drøymde seg "back to the 30th", gjennom ulike musikknummer. Vi fekk og oppleva den sleipaste av alle kattane, i følge konferansieren, katten på eit par og tjue år, som nett har fått ny sportsbil av pappa og som er skinande og heilt glatt i pelsen. Dirigenten Pål Magne Austnes fungerte glimrande som konferansier der han humoristisk batt nummera elegant saman.

Innleiingsnummeret i konserten starta ute. Musikantane spelte deretter publikum inn i salen. Innandørs var det delt i to konsertavdelingar; - først ein korpsavdeling og deretter ei avdeling med ensemblespell; spel i mindre grupper. Inndelen av konserten vart avslutta med ein rap "Sang til leiarane" som musikantane hadde laga tekst og musikk til. Velfortent og prisande til leiarane, og framført med innleving fekk det fram tårer hos einskilde i leiargruppa! Siste nummer vart deretter framført utandørs.

- Det er alltid kjekt på slike kurs, sa den musikalske leiaren Pål Magne Austnes etter konserten, men denne gangen har det vore heilt spesielt. Det har vore så kjekt å vera i lag med denne gjengen, og eg håpar verkeleg at eg treffer dei att seinare.

Dette er nok gjensidig. Tydeleg at muskarane også sette stor pris på Austnes og resten av leiargruppa som heldt svært høgt nivå. Mange møtest nok til eit nytt inspirerande sommarkurs om eit år.

Av Thor Inge Døssland